



GODT SAGT:

Den som kan det, gjer det. Den som ikkje kan, underviser i det.

George Bernard Shaw

NAMNEDAG

Tysdag 4. september: Ida, Idar, Iben

Onsdag 5. september: Brede, Brian, Njål

VËR OG VIND

Tysdag: Sørleg stiv kuling, regn og regnbyer. Om kvelden sterk kuling.

Onsdag: Vestleg bris. Regnbyer. Om kvelden stort sett opphaldsver, og kaldare.

STINA I STØÆ:

Piggsvinet som tok turen inn i møbelbutikken i Knarvik vart vel møtt med stive prisar?

Funksjonshemma i fokus

NOROM
BRUNÆ

Kva synest du om lekseordninga i grunnskulen?



Bjørn Magne Skauge:

– Eg er ikkje sikker, men synast uansett det burde vere lagt opp til meir praksis på skulen, det førebuar ein meir på jobb.



Maria Myhr og Mari Gis-kegerde:

– Me har ikkje tenkt så mykje over det, men me vil aller helst ha leksefri.



Natalie Havn:

– Lekser tar mykje av fritida, så eg kunne ha bytta bort leksane mot litt lengre skuledag.



John Erik Jensen:

– Lekser bør ein ha. Det er ein av måtane ein får gått igjennom informasjonen ein får på skulen. Ein treng repetisjon.



FOTO: Dette er eitt av fotografia frå utstillinga som opnar på Utvandringssenteret på Sletta i morgon.

RADØY: Utstillinga «Uhørte stemmer og glemte steder» opnar på Vestnorsk utvandringssenter på Sletta i morgon ettermiddag.

institusjonar kjem til orde. Ein lokal representant for dei utviklingshemma vil og fortelja om livet sitt.

Bok

På utstillingsopninga vil Halvor Fjermeros snakka om boka si «Åndsvak!», som og handlar om denne gruppa.

Under opninga opptre «Supergruppa», og stortingsrepresentant Jette F. Christensen vil og vera med.

– Me er veldig glade for endeleg å ha fått denne utstillinga hit, skriv avdelingsleiar Ida Dyrkorn Heierland ved utvandringssenteret i ei pressemelding.

Banebrytande

Sidan 2007 har det vore arbeidd systematisk og målretta med å finna hovudpersonane til fortelingane som er med på utstillinga. På utstillinga får ein mellom anna læra meir om Vestlandsheimen i Åsane. På det meste hadde han 400 bebuarar.



Av Livar Aksnes
livar@strilen.no

Utstillinga handlar om folk med psykisk funksjonshemming og korleis dei har vorte behandla opp gjennom tidene.

Ved hjelp av film, fotografi og korte tekstar får publikum innblikk i korleis liva deira var i tidlegare tider og i dag. Både psykisk utviklingshemma sjølve, pårørende og folk som jobba i

PONDUS

